

Hordfast og Bakke-Solheim må inn i NTP no!

Sunnhordlandsrådet og regionrådet for Haugalandet består av dei 16 kommunane mellom Boknafjorden og Bjørnafjorden.

Som ordførarar i denne regionen ser me med stor uro på statusen viktige prosjekt for vår region har fått i fagetaten sitt framlegg til ny NTP, og ikkje minst ser me med uro på enkelte uttalar som er kome frå andre aktørar. Me vil særleg peika på to viktige prosjekt; Bakka-Solheim på E-134 er heilt ute av Vegvesenet si prioritering, det må inn, og når det gjeld Hordfast på E-39 må ein følgja Vegvesenet si tilråding med vidare planlegging og byggestart 2026. Noko anna er uakseptabelt!

Desse to prosjekta må inn i innstillinga frå departementet, og dei må vedtakast lagt inn av Stortinget!

Hordfast (E-39 Ådland-Svegatjørn) er svært viktig for vår region, ja og for heile Vestlandet. No er bygginga av Rogfast godt i gang, og det er viktig at Hordfast fortset med planlegging og utbygging slik planane i dag legg opp til. Næringslivet i vår region og i naboregionane skapar kvart år store verdiar, og ferjefri reise til byane i nord og sør er ein viktig føresetnad for at dette og kan skje i framtida.

E-134 over fjellet til Austlandet er på same måte den viktigaste vegen for befolkning og næringsliv i regionen når folk og varer skal austover. Strekninga Bakka-Solheim er den desidert dårlegaste strekninga på heile vegen, og me krev at strekninga blir prioritert. Frå Vegvesenet blir det peika på manglande avklaring av bompengepotensial. Arbeidet med dette bør i tilfelle setjast i gong no, men utbygging, særleg av den austlegaste delen, må uansett leggest inn i NTP som skal vedtakast.

For ordførarane i regionrådet for Haugalandet og Sunnhordlandsrådet

|

Arne-Christian Mohn
Regionrådsleiar Haugaland

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Regionrådsleiar Sunnhordlandsrådet